



Sigvald Dale  
Erstadvegen 120  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 17/28011

Saksbehandlar:  
Ketil Mikkelsen  
ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:  
11.10.2017

## Samandrag synfaring Erstadfjellet m/Sigvald Dale

Visar til felles synfaring på Erstadfjellet mandag 2. Oktober.

Grunneigar, Sigvald Dale, ønskete ei synfaring omkring vegen over Erstadfjellet frå austsida.

Frå kommunen møtte:  
Rune Kilen – avdelingsleiar veg  
Kjetil Eikefet – driftsleiar veg  
Ketil Mikkelsen – ingeniør veg

Vegen har ila September vorte ny-asfalterrert med eit lag asfalterrert pukk i botn (forsterking), eit lag mjukasfalt som slitelag, oppukking av grøft og skulder langs delar av vegen, og oppgrusing nokre plassar for passasje. I forkant av asfaltering har det vorte grøterensa langs vegen. Ny asfalt er forsøkt lagt mest mogleg ihht opphavlege kantar. Løysinga er valt framfor oppfresing av eksisterande veg. Kommunen har vurdert at dette vil betre bæreevne på vegen, i tillegg til å være langt billigare økonomisk. Grunna grøfterensk, avrettning og to lags asfalt løysing, har vegen fått ein del høge kantar. Desse kan være farleg for bilar og gåande langs vegen. For å redusere denne faren, stabilisere vegkroppen og redusere faren for erosjon langs vegkanten, har det vorte lagt ut grov pukk langs delar av kantane og i grøftene. Vegen framstår i dag som betre enn aldri før, noko både kommunen og Dale samd om.

Grunneigar Dale er kritisk til at utlagt pukk fleire plassar er lagt ut over grensene for vegen sine grensar, som er slått fast i tidlegare jordskiftedom. Dale er og kritisk til oppgrusa forbikøyingslommer langs vegen. Grensene langs vegen visar få eller ingen slike lommer. Grusen er lagt på etter fleire klagar frå billistar langs vegen. Tidlegare har passering stort sett skjedd ved å køyre utanfor vegen og delvis ut i terrenget, dette vil med auka høgd på køyrebanan ikkje være mogleg, og billistar vil verte tvinga til å rygge lange strekk for å finne passasje for to bilar.

Hovudproblem for grunneigar er ikkje at vegen har vorte oppgradert, men parkeringa som skjer utanfor og langs vegen. Det er hovudsakeleg turgåurar i området som parkerer langs og inntil vegen. Grunneigar opplever innimellom både blokkert og delvis blokkert veg, noko som fører til irritasjon og trafikkfarlege situasjonar. Spesielt vert det peikt på enkelte høgbrekker som farleg. Iflg grunneigar vert det registrert høgare



trafikk og fart langs vegen etter ny-asfaltering, noko som uroar han. Det vert og peikt på at vegen ikkje har skilta fartsgrense. I veglista står han oppført med 50 km/t, men då vegen er utanfor tettbygd strøk, så er fartsgrense å rekne som ein 80 km/t, både mot aust og vest. På grunn av at vegen er smal, svingete og kuppert, kan derimot ikkje kommunen sjå at høg fart er eit stort problem. Grunneigar har og tankar om at vegen kan verte nytta som omkjøringsveg ved mogleg bomring rundt Knarvik. Noko vegavdelinga ikkje har tatt omsyn til i si oppgradering av vegen. Oppgradering vart gjort etter gjentatte klagar frå folk som nytta vegen. Han var i svært dårleg stand og vanskeleg og driftet og vedlikehalde.

Vegavdelinga i kommunen kan forstå problemet med parkerte bilar langs vegen, men kan ikkje fjerne pukk og grus langs vegen. For å kunne utføre drift og vedlikehald på ein trygg og føremålstenleg måte, samt gjere vegen sikker for både køyrande og gåande, må kommunen disponere side og grøftearealet langs vegen. Under synfaringa vart det difor diskutert korleis grunneigar stilte seg til å opprette eit eigna område til oppstilling av bilar. Grunneigar var ikkje udelt kritisk til dette, og viste til eit område/masseuttak som kan vere eigna til formålet. Kommunen vil sjå inn på om det er økonomiske rammar og politisk interesse for å opparbeide eit slik område. Ein vil då kunne vurdere og setje opp skilt som ikkje tillèt parkering langs vegen. Fartshumpar vart og nemnt som mogleg fartsreduserande tiltak. Noko som grunneigar ikkje var særlig begeistra for. Dette, samt godkjenning og nedskriving av fartsgrense, har uansett ikkje kommunen heimel til å gjere. Dette ligg hjå Statens vegvesen, og all tidlegare erfaring seier at dette er vanskeleg å få til.

Vegavdelinga har fått målt inn ein del kontrollpunkt langs vegen (vedlagt- frå vest mot aust). Desse syner at ny asfaltkant følgjer opphavleg asfaltkant. Oppgrusa lommer og utlagt pukk ligg stort sett innanfor grøfteareala, med nokre unntak. Oppgrusa lomme ved masseuttak ligg utanfor grense. Grå punkt er nye punkt målt inn på eksisterande kartgrunnlag. Tre og fire punkt på linje syner hhv ytst pukk og deretter asfaltkant. Grøn markering syner oppgrusa lommer.

Vegavdelinga i kommunen vil vidare gjere følgjande:

- Måling av hastighet og ÅDT (årsdøgntrafikk)
  - Sjå inn på mogelegheit for utarbeiding av eigna parkeringsområde
  - Vidare dialog med grunneigar og utarbeiding av mogeleg avtale

Med helsing

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Vedlegg:

## Kontrollmåling

Kopi til:

Kjetil Eikefet  
Rune Kilen

## Mottakarar:

Sigvald Dale

Erstadvegen 120 5911

ALVERSUND

